

Dårleg oppslutnad om rapportering frå elva

29.08.2012



Frida Almås (10) frå Sagvåg på Stord var ein av storfiskarane denne sesongen!

Elveeigarlaget har no byrja å leggje inn mottekne rapportar i databasen manuelt.

Det er difor viktig at dei som har levert inn korta sine ikkje legg inn rapportar sjølve.

Det syner seg, når sesongen no går mot slutten at oppslutnaden rundt rapporteringsverktøyet har vore ganske dårleg, skriv elveeigarlaget på heimesida si

Laget held fram:

Her må det skjerping til før neste sesong!

Rapporteringa erså enkel at det kan ikkje vere det tekniske som er årsaka.

Det er som tidlegare nevnt mogleg å gjere dette frå mobil, direkte frå nettsidene, eller hvis ingen av desse delane skulle vere tilgjengeleg, i boka ved infotavle ved brua.

Vidare så er det mange som ikkje fører på kor fisken er fanga. Det fins kart ved info tavler og på nettsidene, slik at denne informasjonen er lett tilgjengeleg.

Laget minar om at det er ein kvar fiskar sitt ansvar å setje seg inn i retningsliner og reglar som gjeld for fiske i elva.

Det er også rapportert inn observasjonar om usportsleg fiske i form av rykkjing av fisk på liten vassføring og endåtil fiske i fredningssona i innløpet til Gravehølen. Dette er heilt uakseptabelt! Slik oppførsel har ingenting med sportsfiske å gjere.

Laget takkar sportsfiskarar som tek kontakt med styret når slike ting vert oppdaga.

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen